

Representanten **Hanne Eva Husebø Kristensen** (H) har stilt slike spørsmål:

På Landås bur det mange eldre, nærmaste apotek m.m er på Sletten senter, men det er eit godt stykke å gå. Servicebussen er difor ekstra viktig, som ein slags nærbuss, særleg sidan linje 12 som går på Landås ikkje svingar innom Sletten.

- 1) Kva er planlagt for framtida for servicelinjene, inkludert den på Landås
- 2) Dersom dei skal leggjast ned, når skjer det og har ein vurdert feks å la rutebussar ta nokre av servicelinja sine ruter?

Fylkesdirektøren:

I samband med budsjettetahandsaminga i fylkestinget i desember 2019, var det i verbapunkt gjort vedtak om å vidareføre servicelinja, og det vart sett av midlar til drift ut 2020. Vidare innebar vedtaket å få fram eit betre tilbod til dei som i dag nyttar servicelinja, og at dette skulle gjerast i samarbeid med Bergen kommune. I vedtaket heiter det at ein for bydelane i Bergen bør sjå på løysingar lik "Hent meg" som er under utprøving i Odda. Vedtaket frå desember er følgd opp med ei utgreiing i fagleg samarbeid med Bergen kommune, der det mellom anna er sett på transportbehovet for eldre, erfaringar med fleksible mobilitetsløysingar for denne målgruppa og kva område i Bergen som peikar seg ut med omsyn til mogleg utprøving (jf. FUV-sak 102/2020).

Det ligg i dag ikkje føre konkrete planar om nye mobilitetsløysingar eller justeringar i tilbodet for Landåsområdet, og som gjev eit direktetilbod mellom Landås og Sletten. Etterspurnad etter reisemogleigheter mellom Landås og Sletten er eit stadig aktuelt tema, men som er krevjande å finne gode løysingar for. Hovudutfordringa er forholda kring Sletten senter med omsyn til kapasitet og utforming av kollektivinfrastrukturen, det vil seie haldeplassar som gjev gode forhold for dei reisande, gjev gode omstigingsmogleigheter og tilstrekkeleg plass til bussane. Over ei årrekke har det vore arbeidd for å etablere ein kollektivterminal på Sletten utan at ein har lukkast. Bergen kommune har sett det som vanskeleg å disponere eit større areal ved Sletten senter til dette føremålet. Skyss arbeider med alternative løysingar utan ein slik kollektivterminal, der Sletten framleis blir eit viktig og kompakt kollektivknutepunkt. I praksis inneber det gjennomgåande busslinjer som betener Sletten senter, og som kan gje reisemogleigheter mellom Landås og Sletten. Dei konkrete løysingane må sjåast i samanheng med det øvrige kollektivtilbodet i området, samt at det krev utbetring og tilrettelegging av haldeplassar ved Sletten senter.